



ADVOKATFIRMAET HVIDSTEN AS
Postboks 471
6803 FØRDE

Avslag på søknad om vedtektsendring - BUSTADSTIFTINGA VED SENTRALSJUKEHUSET I SOGN OG FJORDANE, -FYLKESSJUKEHUSET PÅ NORDFJORDEID og -LÆRDAL SJUKEHUS

1. Bakgrunn

Vi viser til vårt brev av 8. januar 2019 og tidlegare korrespondanse knytt til søknad om vedtektsendring i stiftingane:

Vår sak 18/15617 – Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane, org.nr. 874 979 392

Vår sak 18/15618 – Bustadstiftinga ved Fylkessjukehuset på Eid, org.nr. 983 425 275

Vår sak 18/15619 – Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus, org.nr. 974 979 381

Vi varsler avslag på søknaden med heimel i stiftelseslova § 47 og vi viser til grunngjevinga i brevet. Vi bad om å få tilsendt revidert søknad med vedtekter som kunne godkjennast innan 4. februar 2019 og varsler at vi i motsett tilfelle ville avslå søknadane. Vi har dags dato ikkje mottatt ytterlegare brev eller dokumentasjon.

Ettersom stiftingane vurderer at det er behov for vedtektsendring legg vi til grunn at vi vil motta ny søknad om vedtektsendring, om ikkje dette vedtak blir påklaga.

2. Vedtak

På bakgrunn av dette og med heimel i stiftelseslova § 7, jf. § 51, har Stiftelsestilsynet gjort følgande vedtak:

Vi avslår søknaden om endring av vedtektene frå

- **Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane, org.nr. 874 979 392**
- **Bustadstiftinga ved Fylkessjukehuset på Eid, org.nr. 983 425 275**
- **Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus, org.nr. 974 979 381**

3. Klagerett

Dykk kan klage på dette enkeltvedtaket til Stiftelsesklagenemnda, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Send i så fall klagen til Stiftelsestilsynet innan tre veker etter at dykk fekk dette vedtaket.

4. Mer informasjon

Du finner informasjon om Stiftelsestilsynet og stiftelseslova på heimesida vår:

www.stiftelsestilsynet.no.



Med helsing

Øystein Fosstvedt
seniorrådgjevar

Øystein Sellevold
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og blir sendt uten signatur.

Kopi til:

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER